



Stad kommune

Tilleggskostnadar ved kjøp av kommunal bustadtomt

Ved kjøp av bustadtomt følgjer det enkelte kostnader i tillegg til kjøpesummen på sjølve tomta. Prisane under er *kun* skissert som eit eksempel og vil variere ut frå tomteareal og gjeldande gebrysatsar.

- **Frådeling:** kr 4.000,-
Frådeling av grunneigedom er prosessen med å dele ein grunneigedom frå å utgjere éin formell eining til å utgjere to eller fleire nye formelle einingar. Ein nyopprettet grunneigedom får etter deling eit eige bruksnummer.
- **Oppmåling (areal frå 401-1500 m²)** kr 23.750,-
Etter frådeling sørger kommunen for oppmåling av tomta før det blir sendt melding til tinglysing.
- **Tinglysing av målebrev kr 540 + og skøyte kr 585,-** kr 1.125,-
Tinglysing er ei offentleg registrering av ein avtale mellom to partar om rettigheter og bindingar som angår fast eigedom.
- **Tilknytingsavgift vatn:** kr 12.500,- (inkl. mva)
Eingangsgebyr ved tilknyting til offentleg vatn.
- **Tilknytingsavgift avløp:** kr 12.500,- (inkl. mva)
Eingangsgebyr ved tilknyting til offentleg avløpsleidningsnett.

Andre kostnadar

- Det skal betalast 2,5 % av kjøpesum i dokumentavgift til Statens Kartverk når ein sender inn skøyte til tinglysing.
- Tilknyting til anlegg for elforsyning/fiber til tomteområde.

Anleggs- og opparbeidingskostnad

Kommunale tomteprisar vert oppgjeve med *eller* utan anleggskostnadar inkludert. Kva som gjeld vert presisert i kvart enkelt tilfelle. For prisane på bustadtomter i Hogaåsen bustadfelt er anleggskostnadar *inkludert*.

Kostnad for opparbeiding og klargjering av tomt for husbygging kjem i tillegg til anleggskostnadane. Denne kostnaden vil variere ut frå tomteareal, terrenget, type hus etc. Ta kontakt med ein entreprenør for prisoverslag.